

Klemet Isaksen Hætta til minne

I går fikk eg den sørgelige meldinga om at min gamle ven Klemet Isaksen Hætta gikk bort for ei knapp veke sidan. Sidan gravferda er allereie i morgon og eg ikkje klarer å komme meg dit, må eg nøye meg med å skrive nokre ord som minne og helsing til dei etterlatte.

Klemet var fødd i 1955 og vaks opp på Bildaveaiguolba i Ákšomuotki, ei lita bygd vel ei mil sørvest for sentrum av Guovdageaidnu. Der dreiv familien gardsbruk, samtidig som dei hadde nær kontakt med familie og naboar som dreiv reindrift. Bygda fikk ikkje veg før på slutten av 1960-talet og dei første skoleåra måtte Klemet bu på internat. Skolegangen og oppveksten har han fortalt om da eg intervjuar han for Samisk skolehistorie (<http://skuvla.info/skolehist/klemet-n.htm>). I bygda gikk alt på samisk, på skolen var det bare norsk, og det tok fleire år før han forsto såpass at han kunne dra nytte av undervisninga. Det hendte han rømte heim, men foreldra måtte pent frakte han tilbake til internatet. Eg skal nøye meg med eitt sitat frå alt det han fortalte frå skolegangen sin: *"Vi kjente ikke den verdenen som var i bøkene. Vi hadde ikke referanser til det som læreren underviste, det var fra en annen verden. Derfor brydde vi oss ikke om det, da det ikke angikk oss som mennesker"*.

Med fem barn på ein liten gard var det klart at alle ikkje kunne leve av garden og nokre måtte ut. I reindriften var det heller ikkje plass til dei, så nokon måtte forsøke å få seg ei utdanning. No var det nettopp starta eit såkalla samisk gymnas i Kárášjohka, og Klemet reiste dit. Der heldt han ut halve skoletida, men braut av og reiste heim og starta heller året etter på maskin og mekanikar på yrkesskolen i Guovdageaidnu.

Her kjem eg inn i historia. Eg kom til Guovdageaidnu for å ta den same utdanninga året etter. Ein av dei første eg blei kjent med i bygda var Klemet, som da jobba i gruva i Biedjovággi. Klemet var 18 år, eg var 21 og det skulle bli eit venskap for livet. Frå starten hadde vi mye felles interesser og meiningar. Det året eg da var i Guovdageaidnu var vi blant anna med på å lage det første 1. mai-arrangementet som har vore der, og Klemet heldt tale om samiske spørsmål både på samisk og norsk. I 1975 blei det driftsstans på gruva. Det gjorde at eg ikkje fikk den jobben eg var lova der, og Klemet måtte slutte. Slik gikk det til at vi begge hamna på Hammerfest yrkesskole. Deretter byrja vi begge å jobbe innafor mekaniske fag, eg fikk jobb i Hammerfest, mens Klemet hamna i Tromsø og seinare i Harstad. Ved sida av jobben byrja eg å skrive for Klassekampen og ein av dei tidlige artiklane eg skreiv var eit intervju med Klemet.

(<http://sveinlund.info/sami/klemet.htm>) Når ein no ser tilbake på dei tankane han da hadde, året før Altakampen braka laus for alvor, er det bare alt for lett å kjenne igjen dagens situasjon:

"Vi har spurt Klemet I Hætta om hva som er de viktigste angrepene på samefolket i dag?"

— De hardeste angrepene kommer uten tvil mot reindriften, i form av kraftutbygging, bergverksdrift og ikke minst den nye reindriften. Del er ikke mer enn ca. 10% av samene i Norge som lever av reindrift. Men svært mye av den samiske kulturen er knyttet til reindriften, og reindriften samene hører til de som best holder fast ved samisk språk og kultur. Derfor vil et angrep på reindriften ramme hele den samiske kulturen og hele samefolket."

Etter mange år borte vendte Klemet heim til Guovdageaidnu midt på 1980-talet og eg kom eit par år etterpå. Da hadde han prøvd seg som fotograf på museet og lærar på ungdomsskolen og vidaregåande, for deretter å overta heimegarden. Den dreiv han i eit tiår før han la ned og satsa på lærararbeidet. I det tiåret var eg lærar på vidaregåande skole, der Klemet stadig var innom for å undervise i forskjellige fag, mest i naturbruk, som var noko han kunne ut og inn. Han hadde elevane med ut i naturen, lærte dei om rypesnarer, notfiske og anna tradisjonelt naturbruk. Samtidig kunne han ta mekaniske fag når det trengtest og etterkvart tok han vikartimar i det meste. Han hadde ein brei realkunnskap som knapt nokon kunne måle seg med, men sidan skolen bare godtar formell utdanning, fikk han aldri fast tilsetning. Likevel var han ein flink og godt likt lærar med svært god kontakt med elevane og han var aktiv i skolen sitt utviklingsarbeid, blant anna i samarbeidet med dei samiske vidaregåande skolane på finsk og svensk side.

I 1988 hadde han gifta seg med Annbjørg som kom frå Skånland i Sør-Troms, og etter mange år i lag i Guovdageaidnu fann dei ut dei skulle prøve eit år på heimplassen hennar. Der fikk

Klemet jobb på det samiske språk- og kultursenteret og der var det realkompetansen og ikkje den formelle kompetansen hans dei var ute etter. Det endte med at dei blei der, og begge døtrene hadde da slått seg til nærare Skånland enn Guovdageaidnu. Kontakten min med Klemet blei sjeldnare etter at dei flytta, men eg var på nokre besøk, seinast for 2-3 år sidan. Da hadde han hatt kreftbehandling, og var ganske redusert, men det såg enno ut til at det kunne gå bra. Dessverre fikk han ikkje leve lenger enn til april 2022 og det er vondt å tenke på at vi aldri skal treffast igjen.

Klemet er ein av dei venene eg har hatt lengst, og ein av dei eg har lært mest av gjennom livet. Eg har også hatt gleda av å bli kjent med Annbjørg og barna, med alle søskena hans og fleire av dei han var onkel til. Felles for dei er ei stor interesse for, kunnskap om og omsorg for naturen og den samiske naturbruken, og både Klemet og slektningane hans har direkte og indirekte vore med å legge grunnlaget for det natursenteret vi no bygger opp i Guovdageaidnu. Klemet hadde også heile livet eit stort engasjement for samisk språk, som var heimespråket, men som han ikkje fikk lære å skrive før i vaksen alder. Vi blei kjent i ei tid da eg ikkje kunne noko samisk, men da eg hadde studert samisk nokre månadar, var han blant dei første som skifta språk med meg, og seinare blei det samisk som blei språket oss imellom. Han hadde og mye av æra for at Annbjørg, som norskspråklig same, lærte seg samisk fullt ut og kunne føre språket vidare til kommande generasjonar.

Sjølv er eg no rekonvalesent etter beinbrot og det blir for komplisert å reise 110 mil for gravferda. Eg må derfor dessverre nøye meg med denne helsinga til alle Klemet sine etterkomarar og slektningar og andre som vil føre arven hans vidare.